

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Boks 7900
5020 Bergen

Tilbakemelding på prognoseinntaket 2017/2018 – Fusa vidaregåande skule.

Viser til utlevert informasjon og telefonsamtale om prognoseinntaket for 2017-2018.

Me gler oss over den gode søknaden til skulen generelt, og synest det er ein god motivasjon for oss alle. Spesielt hyggjeleg er det at det er så god søknad til KDA og akvakultur. Det er ein stor inspirasjon til å vidareutvikle innhaldet i utdanningane.

Innføringsklasse.

Me ynskjer å halda fram tilbodet med innføringsklasse. Me har tett dialog med Fusa kommune og Samnanger kommune. På møte med Samnanger kommune 7. februar antyda dei at dei hadde 8 som kunne vera interessert/aktuelle for innføringsklassen. Fusa kommune har fått nokre nye flyktninger i vinter. 2 av desse hospiterer i innføringsklassen i år, og ynskjer å søkje for neste år.

VG1.

HO

God søknad til vg1 Helse- og oppvekstfag. Me ser det er grunnlag for 1 klasse. Me kan evt. ta inn fleire dersom prøveinntaket viser at det er behov for det.

KDA.

Me synest det er veldig positivt me så god søknad. Det vil vera trond for delinga både i programfag og realfag og ulike ynskjer når det gjeld valfag. Derfor meiner me at me kan ta inntil 35 elevar på vg1 KDA.

NA.

Vidarefører dei 2 klassane på vg1 naturbruk som me har i dag.

RM.

Her er det litt lavt søkeretal, men ynskjer å gå vidare med 1 klasse slik me har i år.

TIP.

Her er det god søknad, og vil vidarefører dei 2 klassane med 12 elevar i kvar.

TAF

God søknad på nivå med tidlegare år. Godt fordelt på dei 3 utdanningstilboda med TAF. Me følgjer same inntaksprosedyre som tidlegare, og sender melding om TAF-inntak kring 25. juni.

VG2.

Barne- og ungdomsarbeider

Me ynskjer å starte opp ei gruppe på BUA, og meiner det er søkergrunnlag for det. Samkjøring med andre vg2-klassar i fellesfag.

Helsearbeider.

Her er det lavt søkjertal, men me vil undervise deler av programfaga saman med TAF2 og fellesfag saman med andre utdanningsprogram på vg2 YF. Med god søknad på vg1 meiner me det er viktig å oppretthalda tilboda på vg2.

KDA.

Vidareføring av dei elevane som går på KDAvg1 i år.

Akvakultur.

Her er det svært god søknad. Ut frå dei samtalene me har hatt, held me fast på ein klasse slik me har i år. Men me kan gjerne ta ein stor klasse på 18 – 20 elevar dersom det er ynskje/behov for det.

Kokk og servitør

Ynskjer å starte opp 1 klasse som i år.

PIN.

Vidarefører ein klasse med opp til 15 elevar som i år.

Når det gjeld TAF 2, 3 og 4 samt studieførebuande m/formgjeving vg 3 vert dei vidareført på grunnlag av søknad frå elevar me har i år, og me har ingen kommentarar til desse gruppene.

Me vil gjerne vera i dialog om inntaket vidare, og er generelt positive til å auka opp elevtalet i klassane dersom det kjem fram eit behov for det. Ynskjer å bidra til at flest mogeleg av søkerane får plass slik at dei kan få eit skuletilbod i nærområdet.

Eikelandsosen 22. mars 2017

Tor Johannes Hjertnes
rektor